



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato
05.01.2015
Dykkar dato
21.11.2014

Vår referanse
2014/14207 421.6
Dykkar referanse
14/15627

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune - høyring - strategi for innfartsparkering

Vi viser til brev 21.11.2014 med høyring av strategi for innfartsparkering fram mot 2030.

Fylkesmannen finn det positivt at fylkeskommunen med eit slikt arbeid inviterar til ei drøfting av vidare satsing og innretning på innfartsparkering (ip) i Bergensregionen.

Høyringsdokumentet gjev eit godt grunnlag for ein brei vurdering av om innfartsparkering i seg sjølv er eit nyttig tiltak for å fremja auka bruk av kollektivtransport og mindre personbilbruk.

Statlege føringar for transportutviklinga i byane våre kor all framtidig auke i persontransporten skal dekkast av kollektivtransport, sykkel og gange står her sentralt.

Då kollektivtransportmidla er knappe, er det viktig å nytte desse midlane mest mogleg kostnadseffektivt. Som kollektivtransportstrategien frå SKYSS klårt signaliserar gjeld det å få høgast mogleg tal passasjerar for dei midlane som vert kanalisiert til kollektivtransporten i dei sentrale stroka.

I prinsippet vil etablering av fleire parkeringsplassar i eit område stimulere til auka bilbruk alt anna likt. Undersøkingar som det blir referert til i strategien syner ein relativ stor grad av «feil» bruk av dagens innfartsparkeringsanlegg kring byregionen. Til dømes bur ein stor del av brukarane innanfor gangavstand til kollektivtransporttilbodet og såleis strengt tatt ikkje tilhøyrar målgruppa, må ein anta.

Det kan dels avbøtast m a med å legge avgift på ip-plassar. Ei avgift på ip-plassar er også eit virkemiddel som støttast i TØI-rapport om innfartsparkering (TØI 2014). Vi gjer i denne samanhengen merksam på utkast til lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering (parkeringslova) som var sendt på høyring med høyringsfrist 15.09.2012. Vi har fått opplyst at utkastet framleis er under behandling i Samferdselsdepartementet.

I fylkeskommunens strategien er det nemnd fleire andre tiltak som må til for å sikre riktig bruk av innfartsparkering som tiltak for auka kollektivtransportbruk.

Desse utfordringane gjev ein peikepinn på at innfartsparkering kanskje ikkje er eit særleg treffsikkert og kostnadseffektivt virkemiddel når det gjeld å erstatta personbilreiser med kollektivtransport.

Vi rår difor til at fylkeskommunen stillar seg ekstra varsam til vidare satsting på innfarts-parkering. Det bør utførast eigne analyser spesifikt for det enkelte innfartsparkeringsprosjekt med omsyn til kva slags effekt ein kan venta å oppnå.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Torgeir Flo
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.